



Årsmelding 2011/2012.

Arbeidsåret 2011/2012 har vorte kortare enn vanleg, avdi årsmøtet i 2011 vart halde i september, grunna jubileumsmarkeringa 18.juni 2011.

Det har difor berre vorte halde to styremøter etter årsmøtet i september.

Medlemstalet i selskapet pr. 16/6-2012 er 88 (inkludert 1 æresmedlem).

Styret har vore samansett slik: Styreleiar Arne Skogheim, nestleiar Britt-Mari Sletto. Styremedlemer Eva Almhjell, Kåre Olav Solhjell og Arild Mikkelsen. Varamedlemer Evalill Sletto, Eli Sælid og Odd Oleivsgard. Revisorar Rangdi Skorve og Borgny Thorsrud. Ola Ruud har ført rekneskapen. Valnemnd har vore Knut Medhus og Knut Øyvind Skaro.

Selskapet har fått ny nettside. Arbeidet vart sett bort til Camilla Vik, Tønsberg. Kostnaden med nettsida vart i alt kr. 20062,50. Eva Almhjell tok på seg arbeidet som ansvarleg nettredaktør med Britt-Mari Sletto som assistent. Dei har begge gjort eit framifrå arbeid med dei nye nettsidene. No er det enkelt for medlemene å ta kontakt med styret gjennom nettsidene, og både årshefter og årbok er utlagt på dei nye sidene.

Det nye, store prosjektet til Olav Sletto-selskapet er arbeid med utgjeving av utdrag frå Perbøkene som illustrert barnebok. Eva Almhjell er prosjektleiar for arbeidet, saman med Kåre Olav Solhjell og Britt-Mari Sletto. Arbeidet er godt i gang og vil bli presentert på årsmøtet 2012.

Selskapet har motteke eit tilskot på 10 000 kroner frå Hol sparebank dette året. Styret vil retta ein hjarteleg takk til sparebanken for all økonomisk støtte gjennom mange år.

Årsheftet 2012 som blir utdelt på årsmøtet, inneheld m.a. nytrykk av boka "Glør" frå 1931, med forord av Arild Mikkelsen

Arne Skogheim har gjeve eit lite attersyn over arbeidet i selskapet frå starten i 2001 når han no takkar av som styremedlem og leiar etter 11 år.

Hol, den 16. juni 2012.

Arne Skogheim Britt-Mari Sletto Kåre Olav Solhjell Eva Almhjell Arild Mikkelsen
Arne Skogheim Britt-Mari Sletto Kåre Olav Solhjell Eva Almhjell Arild Mikkelsen